



Opus Bergen AS
Strandgaten 59
5004 BERGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 17/2369 - 18/7283

Saksbehandlar:
Tonje Nepstad Epland
tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:
07.05.2018

Plansak 12602017000100 - Planendring - Kvalheimsneset fritidsbustad og serviceområde - melding om vedtak

Saka vart handsama av Hovudutval for plan, landbruk og teknisk i møte den 02.05.18, der følgjande vedtak vart fatta:

Framlegg til planendring for Kvalheimsneset Fritidsbustad og serviceområde, planID 12602017000100, med arealplankart og planskildring levert 26.03.2018, samt føresegner levert 20.04.18 og vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn på følgjande vilkår:

- 1. Det er i føresegna 1.2 tatt inn eit punkt om at det kan førast opp frittliggjande bod/carport i område avsett til fritidsbustad. Dette er ei endring i høve gjeldande plan som forbyr bod/carport og den endra føresegna bryt med estetikkomsynet i planen. Punktet må endrast tilbake til at det ikkje kan førast opp frittliggjande bod/carport.*
- 2. Føresegna 2.1.3 må delast opp slik at dei einskilde områda BFR10, BFR11 og BFR12 får eigne føresegner. For område B12 må det vere samsvar mellom føremål og føresegnar, og det må gå tydeleg fram kva som er lovleg eksisterande bruk og kva som er lovleg framtidig bruk.*
- 3. Søknadsplikt etter hamne- og farvasslova følgjer av lov og skal ikkje takas inn i føresegna. Nytt pkt 1.8 i føresegan må takast ut.*
- 4. Det må takast inn ei vurdering av endring av arealbruken i strandsone i planskildringa.*
- 5. Planskildringa må oppdaterast slik at alle endringar i planen er omtalt.*
- 6. Planskildringa må oppdaterast i høve dei «tilbakeendringane» som er gjort i reviderte føresegner motteke 20.04.18.*

Vedtaket har heimel i Plan og Bygningslova §12-14, § 12-10 og § 12-11.

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

Kunngjering av høyring og offentleg ettersyn

Planen vert kunngjort for høyring og offentleg ettersyn 29.05.18. Reviderte plandokument i samsvar med vilkår i løyvet må vere kommunen ihende **seinast innan 22.05.18.**

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Plansak 12602017001000 - Planendring - Kvalheimsneset fritidsbustad og serviceområde - framlegg til 1 gong høyring og offentleg ettersyn

Mottakarar:

Opus Bergen AS

Strandgaten 59

5004

BERGEN